



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Saknr. 200903652 Dok.nr. 13

27 SEPT. 2010

Arkivnr. 522

Saksh. *W6TON*

Eksp.

U.off.

Dykkar ref
200903652

Vår ref
201003683-/MAA

Dato
24.09.2010

Godkjenning for utdanningsstøtte- elever i Vg2 ved internasjonal line i helsearbeidarfaget ved Lønborg videregående skole

Vi viser til brev av 2. juli 2010.

Etter forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2010-2011 kan det som hovedregel ikkje gis støtte gjennom Lånekassen til utdanning utanfor Norden som er på nivå med vidaregåande opplæring eller fagskoleutdanning i Noreg. Støtte kan likevel bli gitt til ei avgrensa gruppe elever i yrkesfagleg utdanningsprogram som er i utlandet i kortare tid, jf. § 35-7 bokstav c i denne forskrifta.

Med heimel i § 35-7 bokstav c i forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2010-2011 godkjenner Kunnskapsdepartementet at ei elevgruppe i Vg2 ved internasjonal line i helsearbeidarfaget ved Lønborg videregående skole får utdanningsstøtte i skoleåret 2010-2011 til studieopphald på Zanzibar, Tanzania. Opphaldet er tenkt å vare i åtte veker frå 15. januar til 15. mars 2011.

Departementet legg til grunn for vedtaket at fylkeskommunen er ansvarleg for at opplegget går inn i den ordinære opplæringa for elevane, og at det ikkje fører til forseinking i denne opplæringa.


Fylkeskommunen opplyser ikkje om tilbodet om studieopphald i utlandet for denne elevgruppa i Vg2 ved internasjonal line i helsearbeidarfaget ved Lønborg videregående skole skal bli ført vidare i skoleåret 2011-2012. Departementet legg til grunn for vedtaket at dette er tilfelle, og godkjenninga gjeld derfor òg for skoleåret 2011-2012, og inntil vidare.

Vi ber om tilbakemelding dersom fylkeskommunen ikkje vil tilby opplegget som nå er godkjend for utdanningsstøtte utover skoleåret 2010-2011, eller seinare gjer vedtak om å stoppe eller endre tilbodet om studieopphald i utlandet for denne elevgruppa.

Med helsing



Lars Petter Flåtten (e.f.)
avdelingsdirektør



Torill M. Måseide
seniorrådgjevar

Kopi: Statens lånekasse for utdanning